

Eidfjordsongen

Norges Skaal

Melodi: Andre Gretry

Tekst: Edvard Seim

Me fekk vår heim-stad mill-om fjell men ov-ver li og stren der
6 men ov-ver voll og ba-kke hell der ly-ser ve - ne gren-der

Og røys ved røys og stein på stein der vå - re fed - rar bu - u-dde er

11 bau - ta o - ver ær - leg svein som ein gong pla - ssen ru - dde

Den plassen gjev me all vår trygde,
ein lovnad til dei farne,
som gav i arv vår kjære bygd
og elsk til heimleg arne.
Dei gav oss tru på eigi jord,
og gleda attum ploget,
og lærde oss dei rette ord
når sæden den er mogen.

Og fjellet dreg ved jonsoktid,
dit vil me gjerne fara,
då lyder song frå bjørkelid
og Vøringsfossen svarar.
Når vatni speglar himlen bål
då kjem det kveik i guten,
og sæle meg som det fekk sjå
i sol frå Jenglinuten.

Er lidi bratt og dalen trong
og garden tung å vinna,
me vigslar strevet med vår song
i kjærleik mann og kvinna.
Når soli stig bak høge nut
og endt er trøytt sam yrkja,
me gløymer strev og dagsens sut
på vegen til vår kyrkja.

Og kyrkja stend på heilag grunn
og signar trøytt fedrar,
som kvila fann i stille lund,
dei vil me alltid heidra.
Me heidra vil vår far og mor
i tru med sterke hender,
og byggja fram frå fjell til fjord
dei gamle Eidfjord-grender.